



## **SAK 11 – VALG**

### **Inneholder:**

- Valgkomiteens innstilling til nytt sentralstyre 2021-22
- Benkeforslag på valgkomiteens innstilling til nytt sentralstyre
- Valgkomiteens innstilling til nytt landsstyre 2021-22
- Landsstyrets forslag på ny valgkomité, kontrollkomité og revisor

**LANDSMØTE 2021****Valgkomiteens oppdaterte forslag til sentralstyre 2021-22**

Valkomiteen la fram si samrøystes innstilling 10. mars på nytt sentralstyre. Etter dette er det kome forslag på Synnøve Kvamme som ny andre nestleiar, dersom landsmøtet vedtek den føreslegne vedtektsendringa frå landsstyret. Etter at dette forslaget vart fremma stilte Wenche Skorge sin plass til sentralstyret til disposisjon.

Leiar	Truls Gulowsen
Nestleiar	Pernille Hansen
Styremedlem	Øyvind Johnsen
Styremedlem	Kari Merete Andersen
Styremedlem	Synnøve Kvamme
Styremedlem	Kjell M. Derås
Første varamedlem	Ingebjørg Marie Thorkildsen
Andre varamedlem	Nasir Ahmed
Tredje varamedlem	Nyonga R Amundsen
Fjerde varamedlem	Gaute Rolv Dahl

Dersom landsmøtet vedtek den føreslegne vedtektsendringa frå landsstyret som opnar for to nestleiarar, foreslår valkomiteen at følgjande:

Leiar	Truls Gulowsen
Første nestleiar	Pernille Hansen
Andre nestleiar	Synnøve Kvamme
Styremedlem	Øyvind Johnsen
Styremedlem	Kari Merete Andersen
Styremedlem	Kjell M. Derås
Første varamedlem	Ingebjørg Marie Thorkildsen
Andre varamedlem	Nasir Ahmed
Tredje varamedlem	Nyonga R Amundsen
Fjerde varamedlem	Gaute Rolv Dahl

*Innstillinga er samrøystes avgitt 20. april 2021.*

**Kandidatane****Ny leiar: Truls Gulowsen**

Truls Gulowsen bur i Oslo med to barn, han har sambuar i Stockholm. Han er naturforvaltar frå Norges miljø- og biovitenskapelige universitet på Ås med mellom andre Sigmund Hågvær som professor, og var i studietida leiar for Studenttinget ved NMBU, medlem av Landsstyret i Norges studentorganisasjon, gasskraftaktivist og frivillig prosjektmedarbeidar for vasskraftrevisjonar i Naturvernforbundet.

Etter studia på Ås begynte han i Greenpeace Norge, og han bidrog her til at organisasjonen i større grad enn tidlegare fungerte som ein del av norsk miljøbevegelse. Som leiar i Greenpeace frå 2007 til 2019 har han vore avgjerande i arbeidet med å styrke truverdnet til organisasjonen og rolla i norsk miljøbevegelse. Han har også vore ei tydeleg stemme i norsk og internasjonal miljødebatt over lang tid. Viktige hovudsaker for Truls har vore energisparing, oljefondet, oljeleiting i Arktis, Lofoten og Barentshavet, Equinor si tjæresandsatsing og utanlandssatsing elles, klimasøksmålet, samarbeid om klimajobbar, regnskog, oppdrett, miljøgifter, overfiske og marint vern. Truls har god erfaring med strategisk kampanjearbeid, media, politikk og forhandlingar med både miljøbevegelse, fagbevegelse og næringsliv.

Truls er i dag politisk rådgivar i Regnskogfondet, med særleg fokus på situasjonen i Brasil. Han er også politisk engasjert, og har dei siste to åra vore møtande vara i sentralstyret i MDG. Han var innstilt til en ny periode, men vil trekke seg frå nominasjonen i MDG for å kunne fokusere fullt på Naturvernforbundet. Han vil også trekke seg som styremedlem i Tankesmien Pan. Truls blir 47 år i mars 2021.

### **Ny nestleiar: Pernille Hansen**

Pernille Hansen har ein doktorgrad i språkvitenskap. Ho kjem frå Molde, bur i Oslo og arbeider som førsteamanuensis i norsk språk ved Høgskolen i Innlandet.

Pernille blei vald inn som vara til sentralstyret på landsmøtet i 2018. I si tid i sentralstyret har ho mellom anna leia arbeidet med nye etiske retningslinjer og retningslinjer for handtering av varslingsaker. Ho var også medlem i vedtektskomiteen som arbeidde fram til landsmøtet 2018. Frå 2016 til 2021 har Pernille vore leiar av Naturvernforbundet Oslo Øst. Tidlegare har ho vore regionsekretær (2005 – 2006), fylkesleiar (2007) og sentralstyremedlem (2007 – 2009) i Natur og Ungdom. Ho har dessutan vore tilsett i Naturvernforbundet Hordaland (2007) og Miljøagentane (2012).

Pernille har arbeidd med og er interessert i eit stort spekter av miljøraker, mellom anna klima, samferdsel og jordbruk. Ho har også arbeidd organisatorisk med medlemsvekst, opne arrangement og sosiale medier. Pernille er opptatt av å gjere Naturvernforbundet meir inkluderande og trekke fleire unge vaksne inn som aktive. Pernille er 36 år.

### **Fast medlem: Øyvind Johnsen**

Øyvind Johnsen blei vald inn som vara til sentralstyret i 2015 og har vore nestleiar sidan 2016. Han er utdanna statsvitar, har vore fagdirektør og kommunikasjonsdirektør i Husbanken, styremedlem i Naturvernforbundet i Tønsbergdistriktet i ei årrekke, og han var leiar av Naturvernforbundet i Vestfold i perioden 2007 - 2018.

Øyvind har vore engasjert i naturvern siden ungdomsåra. Han var med i samarbeidsgruppene for natur- og miljøvern (snm) sine aksjonar mot skogsbilveggar i Nordmarka (Spålseter 1971 og Vidvangen 1972), deltok i (snm) sine grupper i økofilosofi og økopolitikk på 70-tallet og studerte økofilosofi med Sigmund Kvaløy Sætereng som rettleiar. Øyvind Johnsen er opptatt av at Naturvernforbundet skal vere ein brei og politisk uavhengig medlemsorganisasjon som tar vare på alle typar naturvern- og miljøengasjement. Øyvind Johnsen er 66 år og bur i Tønsberg.

### **Fast medlem: Kari Merete Andersen**

Kari Merete Andersen blei vald inn i sentralstyret i Naturvernforbundet i 2018. Ho er utdanna økolog og har m.a. arbeidd i Direktoratet for Naturforvaltning, Trondheim kommunerevisjon, Regionalt forskningsfond og Høgskolen i Nord-Trøndelag der ho underviste i miljøleining og miljøutfordringar i næringslivet. Kari Merete har i mange år vore lokallagsleiar for Oljefritt Lofoten, Vesterålen og Senja i Trondheim, styremedlem i Naturvernforbundet i Trøndelag og i Motvind Norge (fram til 2020). Hun har også vore Naturvernforbundet sin styreprerentant i Stiftelsen Miljømerking.

Kari Merete er opptatt av at det er to kriser vi må jobbe med parallelt, klimakrisa og naturkrisa, og legg vekt på at Naturvernforbundet må vere kunnskapsbasert i argumentasjonen vår. Ho ser på arealkonfliktar som ei av dei største utfordringane vi står overfor. I tillegg til stopp i oljeutvinning og klimagassutslepp er hun svært opptatt av skogsaker, vassdrag, havbruk og vindkraftproblem. Ho er aksjonist og naturverner på heiltid. Kari Merete bur i Trondheim, og er 64 år.

### **Fast medlem: Synnøve Kvamme**

Synnøve Kvamme er frå Granvin i Hardanger og bur i Bergen, der ho jobbar som fylkessekretær i Naturvernforbundet Hordaland. Ho har mastergrad i administrasjon- og organisasjonsvitenskap, med fordjuping i miljø, politisk teori og med masteroppgåve om klimaendringar i Bangladesh. Frå 2012 og fram til ho blei tilsett i Naturvernforbundet Hordaland i 2017, var ho frivillig i fylkeslaget si

Naturmangfaldsgruppe i fleire år, nestleiar i Naturvernforbundet Hordaland (2013-2014) og styreleiar frå 2014 til 2017. Ho var landsstyreprerentant (møtande vara, deretter fast) frå 2013 til 2015 og sentralstyremedlem frå 2015 til 2018, og var med i Naturvernforbundet si energi arbeidsgruppe. Synnøve har vore engasjert i naturvern frå ung alder, og det starta med kampen mot «monstermaster» i Hardanger. Ho var talsperson og seinare leiar for Hardangeraksjonen. I 2020 sat ho i det nasjonale styret i Motvind.

Synnøve er oppteken av dei underliggende systemårsakene som alle miljøproblema har til felles, og er spesielt interessert i energispørsmål, forbruk og samanhengen mellom klima og naturvern. Ho er også oppteken av korleis Naturvernforbundet kan få endå fleire medlem, og i endå større grad vera ein grasrotorganisasjon som folk med mange forskjellige bakgrunnar, eigenskapar og interesseområde kan føla seg heime i. Synnøve er 30 år.

### **Fast medlem: Kjell M. Derås**

Kjell M. Derås har vore varamedlem og fast medlem i sentralstyret i Naturvernforbundet sidan 2015. Han er opprinneleg frå Namdalseid og har utdanning innan sosialt arbeid, jordbruk og media/formidling. Han har i ei årrekke arbeidd med formidling og forsvar av naturgrunlaget for sørsamisk kultur, der bruk av bilde har stått sentralt. Han blei tidleg miljøaktivist og aktiv i samarbeidsgruppene for natur- og miljøvern (snm) på 1970-tallet. Han var sterkt engasjert i folkeaksjonen mot skytefelt på Fosen, Forrakampen og kampen mot utbygging av Alta-Kautokeinovassdraget. Sidan har han jobba både med ei rekke store naturvernsaker og med formidling av naturglede. Han har også leia Fjellrevutvalet i Naturvernforbundet i 10 år.

Kjell har budd mange år i Levanger og var leiar av lokallaget der (1994 – 2006). Han var landsstyreprerentant for Nord-Trøndelag (2005-2015). I 2017 flytta Kjell til Billefjord i Porsanger, han er der tilknytta Sjøsamisk kompetansesenter. Dei siste åra har han vore aktiv i lokallag og i fylkesstyret i Finnmark. Han har vore spesielt engasjert i blant annet Kalvvatnkampen, som ble vunnet i 2016, og andre vindkraftsaker, og i å dele erfaringar om bruk av sivil ulydnad. Kjell bur no i Alta og er 67 år.

### **Første varamedlem: Ingebjørg Marie Thorkildsen**

Ingebjørg Marie Thorkildsen kjem frå Skoppum i Vestfold. Hun var aktiv i Natur og Ungdom frå 2015, både i lokallag, fylkeslag og landsstyre. Lokalt arbeidde ho mykje med samferdsel, klimarett og kampen mot dumping av gruveavfall i norske fjordar. Frå sommaren 2018 frem til januar 2021 var Ingebjørg sentralstyremedlem i Natur og Ungdom. Her arbeidde ho særleg med olje- og gruvesaker. Ingebjørg har også vore ein pådrivar for studentarbeidet i NU, og ho har vore tilsett som studentsekretær. Hun har også vore medlem av Gruveutvalet til Naturvernforbundet. Ingebjørg er 21 år og arbeider som økonomi- og administrasjonsmedarbeidar i Zero.

### **Andre varamedlem: Nasir Ahmed**

Nasir Ahmed er produktansvarlig billett og pris i Ruter AS og har lang erfaring med kollektivtrafikk. Han har også lang erfaring med lokalpolitikk og er for tida inne i si tredje periode som bystyreprerentant for Arbeiderpartiet i Oslo. Også her har han m.a. jobba med samferdsel og luftforureining. Han er også aktiv i NTL. Nasir er opptatt av forbrukerretta naturvern og av å finne den rette balansen mellom forbruk og det å skape nye grøne arbeidsplassar. Nasir har lang erfaring med å delta i den offentlege debatten og vil i tillegg til sin faglege bakgrunn kunne bidra med utforming av uttalelser og kronikker og nå ut til grupper der Naturvernforbundet tradisjonelt står svakt. Nasir er 37 år.

### **Tredje varamedlem: Nyonga Rugumayo Amundsen**

Nyonga Rugumayo Amundsen har hovudfag i bioteknologi frå Universitetet i Oslo. Ho har brei nasjonal og internasjonal røynsle, med eit spesielt engasjement for forskning, teknologi og innovasjon. Nyonga har hatt tillits- og leiarverv i fleire ulike organisasjonar, som Polyteknisk Forening (2007-

2015) og Right to Sight Norway (2013-2015). Hun har vore aktiv i Naturvernforbundet i fleire år og var fylkesleiar i Sogn og Fjordane i perioden 2018-2020. Nyonga er opptatt av marin forsøpling, biologisk mangfold, fjordsaken og grøn kvardag. Ho flytta med familien sin frå Førde til Nordfjordeid i 2020 og er no leder for Opplæring og integrering i Stad kommune. Nyonga er 57 år.

#### **Fjerde varamedlem: Gaute Rolv Dahl**

Gaute Rolv Dahl kjem opprinneleg frå Mo i Rana men bur no i Trondheim. Han har vore aktiv i miljøbevegelsen sidan han meldte seg inn Natur og Ungdom i 1986 og har etter det m.a. vore aktiv i Spar Saltfjellet. I dag er han leiar av Naturvernforbundet i Trondheim. Gaute er utdanna samfunnsgeograf og jobbar i dag med samferdselsplanlegging i Trøndelag fylkeskommune. Han er også 50 % frikjøpt som tillitsvald. Gaute er opptatt av det som ofte blir kalla klassisk naturvern, men er opptatt av å også sikre livsgrunnlaget for menneska gjennom å arbeide for å redusere forureining. Gaute er opptatt av samanhengen mellom organisasjonsbygging og jobbing med saker og at dette må gjerast parallelt. Gaute blir 50 år i 2021.

#### **Arbeidet i valkomiteen**

Valkomiteen blei oppnemnd på landsmøtet i 2018 og har bestått av:

- Øystein Solevåg, leiar
- Line Andersen
- Ottar Michelsen
- Anna Birkeland Olerud
- Olav Nicolay Larsson Aga

Landsmøtet i 2018 vedtok også retningslinjer for arbeidet i valkomiteen.

Valkomiteen har gjennom «Nytt frå Naturvernforbundet» sendt ut ei oppmoding til organisasjonen og medlemmer om å foreslå kandidatar. I tillegg har valkomiteen i fellesskap intervjuet medlemmene i landsstyret og sentralstyret. Til saman har nesten 100 namneforslag blitt vurdert av valkomiteen. I starten av valkomiteearbeidet blei det kjent at vi måtte foreslå ny leiar i Naturvernforbundet. Medlemmene i valkomiteen har vore i kontakt med dei fleste kandidatane som er foreslått som leiar eller nestleiar. I nokre høve har valkomiteen ikkje vurdert forslaget som aktuelt, forslagsstillar er i desse tilfella orientert om grunnen til dette.

Etter grundige vurderingar, har valkomiteen kome fram til at vi ønskjer å foreslå Truls Gulowsen som ny leiar. Valgkomiteen mener den solide fagkompetansen, det høge engasjementet for naturvern og den solide røynsla frå miljøkampen gjer Truls svært godt eigna i vervet som leiar av Naturvernforbundet.

Valkomiteen meiner forslaget til nytt sentralstyre vil vere eit godt val for Naturvernforbundet. Dette er eit svært kompetent styre med brei miljøfagleg kompetanse, men også solid kompetanse innan organisasjonsarbeid, kommunikasjon, forvaltning og økonomistyring. Valkomiteen har lagt stor vekt på kontinuitet, men har også arbeidd for å sikre fornying og mangfold.

Valkomiteen ser at aldersfordelinga kunne vore betre. I og med at førre sentralstyreperiode blei forlenga med eit ekstra år på grunn av pandemien, noko som førte til høgare frafall enn vanleg, har imidlertid komiteen lagt større vekt på å behalde dei medlemmene som ønskja å fortsette ein periode til.

Gjennom intervjuet som er gjennomført og gjennom dei tilbakemeldingane valkomiteen har mottatt, meiner vi at det nye sentralstyret vil ha tillit i organisasjonen, representere mangfoldet av medlemmene våre på ein god måte og bidra til eit sterkare engasjement om naturvern i tida framover.

## LANDSMØTE 2021

## Innkomne benkeforslag til valg

Benkeforslag 1	
Valg av sentralstyre	<i>Forslagsstiller:</i> Magne Vågsland, Landsstyrerepresentant Sør-Trøndelag Håkon Borch, Landsstyrerepresentant Østfold
<p><b>Forslag</b> Vi ønsker å styrke det klassiske naturvernet i sentralstyret ved en alternativ sammensetning av de faste medlemmene. Vi foreslår at Peder Johan Pedersen (Agder) velges som fast medlem av sentralstyret, og settes opp mot valgkomiteens forslag om Øyvind Johnsen (Vestfold).</p>	
<p><b>Er kandidaten forespurt?</b> Kandidaten er forespurt, og har takket ja til å stille som kandidat.</p>	
<p><b>Kandidatpresentasjon:</b> Peder Johan Pedersen (Agder) Alder: 73 år Bosted: Ny-Hellesund Yrke og utdanning: Utdanning fra høyskole og universitet, senere utdannet innen natur- og kulturminneoppsyn. Jobbet 30 år i den offentlige grunnskolen, hatt engasjement for SNO, Fylkeskonservatoren og Statsforvalteren i Agder.</p> <p>Peder Johan har vært medlem og aktiv i Naturvernforbundet i Vest-Agder, nå Agder i en årrekke, og har hatt flere ulike verv som sekretær og leder i, og er nå fylkesleder i Naturvernforbundet i Agder. Tidligere har han representert Vest-Agder i landsstyret i Naturvernforbundet. Peder Johan har vært lokalpolitiker i 30 år, og bidrar med lang erfaring. Peder Johan er opptatt av det klassiske naturvernet og har jobbet mye med landbaserte vindkraftanlegg, motorveier, nedbygging av strandsona og biologisk mangfold (store rovdyr, sjøfuglbestanden, hummer og nøkkelarter i Skagerrak som leppefisk og tobis). Peder Johan har vært med på å gjøre Naturvernforbundet synlig gjennom media, og har hatt hyppig og god kontakt med forvaltning og politi. Han er opptatt av å søke samarbeid med andre organisasjoner og enkeltpersoner om felles miljøsaker, og oppfatter seg selv som litt aksjonistisk.</p>	

**LANDSMØTE 2021****Valgkomiteens forslag til landsstyre 2021-22**

Valgkomiteen har bestått av Line Andersen, Øystein Solevåg, Anna Birkeland Olerud, Ottar Michelsen og Olav Nicolay Larsson Aga.

Øystein Solevåg er nominert som vara for Møre og Romsdal i landsstyret. Han har derfor vært inhabil i prosessen med innstille på landsstyret og ikke avgitt stemme.

Valgkomiteens innstilling basert på nominerte kandidater fra årsmøter i fylkeslag, samt landsmøter i Natur og Ungdom og Miljøagentene:

<b>Representant fra</b>	<b>Fast representant</b>	<b>Vararepresentant</b>
Østfold	Håkon Borch	Alice Snorradottir
Oslo og Akershus	Gert Fredrik Malt	Karin Irene Olsen
Hedmark	Thomas Cottis	Stephan Viehmann
Oppland	Heidi Kristoffersen	Kjetil Bjørklund
Buskerud	Anne Foss	Martin Lindal
Vestfold	Ann Norderhaug	<i>Espen Backe</i>
Telemark	Saskia Wanders	Torfinn Sanden
Agder	Rune Sævre	Yvonne Kerlefsen
Rogaland	Randi Storhaug	Kjetil Nilsen
Hordaland	Knut Espelid	Tone Salomonsen
Sogn og Fjordane	Anne-Line Thingnes Førstund	Jon Anders Stavang
Møre og Romsdal	Japke Stobbe	Øystein Solevåg
Trøndelag	Magne Vågsland	Ellen Andersson
Nordland	Dag Johansen	June Grønseth
Troms	Anne-Lise Mortensen	Per Inge Guneriusen
Finnmark	Annie Henriksen	Leif Gøran Wasskog
Natur og Ungdom	Sandra Butoyi	Aksel Bødtker
Miljøagentene	<i>kommer</i>	<i>kommer</i>

I tillegg består landsstyret også av sentralstyret og ansattes representant. Se vedtektenes §4-3. Espen Backe ble nominert på et fylkesstyremøte, de øvrige kandidatene er nominert av årsmøter.

Valgkomiteen har som oppgave å sikre kjønnsbalanse i landsstyret og myndighet til å foreslå at fylkeslagene bytter om på sin faste og vara-representant dersom kjønnsbalansen har større ulikhet enn 60 - 40%.

Fylkeslaget i Trøndelag ble slått sammen i 2019, og har etter vedtektene kun en representant. Nominasjonen fra Trøndelag er på to representanter, en fra hver valgkrets i Stortingsvalget:

<b>Representant fra</b>	<b>Fast representant</b>	<b>Vararepresentant</b>
Sør-Trøndelag	Magne Vågsland	Ingerid Angell-Petersen
Nord-Trøndelag	Ellen Andersson	Gunnar Gustad

Her foreslår valgkomiteen at de to kandidatene som er nominert som faste representanter Trøndelag, dersom det kun skal velges inn en representant fra fylkeslaget. Videre innstiller komiteen på Magne Vågsland som fast og Ellen Andersson som vara.

Med dette valgkomiteen vurderer den helhetlige kjønnsfordelingen i det innstilte landsstyret som i tråd med dagens vedtekter, og ønsker derfor ikke å gjøre ytterligere endringer på fylkeslagenes nominerte faste- og vararepresentanter. Innstillingen er enstemmig.

*Valgkomiteen innstiller på Magne Vågsland og Ellen Andersson som henholdsvis fast og vararepresentent for Trøndelag i landsstyret, og at de forøvrig nominerte kandidatene velges uten bytter*



## LANDSMØTE 2021

### Landsstyrets forslag til valgkomité, kontrollkomité og revisor

#### Forslag til ny valgkomité

Leder:	Jon Anders Stavang (ny)
Medlem:	Anna Olerud (gjenvalg)
Medlem:	Aslak Heika Hætta Bjørn (ny)
1. vara:	Ingerid Angell-Petersen (ny)
2. vara:	Line Andersen (gjenvalg)
3. vara:	Olav Aga (gjenvalg)

#### Om kandidatene

Jon Anders Stavang (46) fra Florø, Sogn og Fjordane. Aktiv som lokallagsleder i Flora og vara til landsstyret. Har hatt verv som både fylkesleder og nestleder i Naturvernforbundet Sogn og Fjordane. Sittet i Naturvernforbundet energi arbeidsgruppe og har et stort nettverk utover i landet i saker han har jobbet med. En del erfaring fra andre organisasjoner, og fra forsker- og lederjobber i yrkeslivet. Nytilsatt landbrukssjef i Kinn kommune, og er utdannet planteøkolog med en doktorgrad i biologi. Er engasjert i en rekke naturvernsaker, og siste årene særlig i vindkraftsaker.

Anna Olerud (27) fra Nesodden, Oslo og Akershus. Aktiv og styremedlem i Naturvernforbundet Oslo Øst. Bred organisasjonserfaring fra LNU - Landsrådet for Norges barne- og ungdomsorganisasjoner, tidligere sentralstyremedlem og daglig leder i Natur og Ungdom. Er opptatt av lokallagenes rolle i Naturvernforbundet og å sikre at sentralstyret representerer folk med ulike bakgrunner og mangfoldet i organisasjonen. Engasjert i en rekke miljøraker slik som gruvedrift, oppdrett, fiskeri, olje, klima og jordbruk. Studerer for tiden statsvitenskap på universitetet i Oslo.

Aslak Heika Hætta Bjørn (29) fra Pasvikdalen i Sør-Varanger, Finnmark. Bred organisasjonserfaring fra miljøbevegelsen og samebevegelsen, og har et godt nettverk i flere miljøer. Er særlig engasjert for naturen og samiske rettigheter, og har lenge jobbet mot utbyggingsprosjekter i Sápmi, som vindkraftutbygginga på Fosen, Øyfjellet og Rástigaisa og Nussirgruva i Riehpovuotna. Er videre opptatt av at Norge må ta sine klimaforpliktelser på alvor, og omstille oljenæringa. Jobber som politisk rådgiver og sekretær for Norske Samers Riksforbund og bor i Oslo.

Ingerid Angell-Petersen (70) fra Trondheim, Trøndelag. Styremedlem i Naturvernforbundet i Trøndelag og vara til landsstyret, og er også aktiv i Trøndelagsavdelingen av Norsk botanisk forening. Vegetasjonsøkolog med særlig interesse for skog, myr og kulturlandskap. Har jobbet hos Statsforvalteren og i Miljødirektoratet med bl.a. naturvern og naturtypekartlegging, og noe erfaring undervisning og ekskursjoner. Er opptatt av at arbeidet med naturmangfold skal prioriteres og at Naturvernforbundet skal legge vekt på å få fram og formidle kunnskap om natur og biologisk mangfold.

Line Andersen (51) fra Tønsberg, bodd på Lillehammer, Oppland siden 2007. Lang organisasjonserfaring fra Naturvernforbundet, blant annet fylkesstyret i Oslo og Akershus, landsstyret og sentralstyret, samt vassdragsvernrådet. Jobber som seniorrådgiver hos Statsforvalteren i Innlandet med forurensningssaker. Særlig engasjert i naturforvaltning, villrein, vindkraft, vassdragsvern og bevaring av naturmangfoldet generelt.

Olav Aga (27) fra Os i Hordaland. Organisasjonserfaring fra Naturvernforbundet fra fylkesstyret i Hordaland, fiske- og oppdrettsutvalget, landsstyret og har bakgrunn fra Natur og Ungdom. Han har vært engasjert i saker som aksjoner mot dumping av gruveavfall i Førdefjorden, samarbeid med miljøorganisasjoner Russland. Sitter også i styret til Norges Sosiale Forum, er opptatt av solidaritet og

samarbeid på tvers av bevegelser og landegrenser. Studerer informatikk og på flyttefot fra Oslo til Bergen.

### **Forslag til ny kontrollkomité**

Leder: Kåre Olerud (gjenvalg)  
Medlem: Hans Jan Bjerkely (gjenvalg)  
Medlem: Sigrid Ryeng Alnes (ny)

#### **Om kandidatene**

Kåre Olerud (79) fra Harestua, Oppland. Har vært aktiv i Naturvernforbundet siden 70-tallet, startet lokallaget i Lunner i 1971 og hatt roller både som tillitsvalgt og som ansatt i sekretariatet. Jobbet mange år som lærer, er i dag aktiv i veterangruppa og som frivillig som bistår på arkiv og dokumentasjon hos fylkeslaget.

Hans Jan Bjerkely (80) opprinnelig fra Vestfold, men bodd snart 50 år i Halden, Østfold. Har vært i Naturvernforbundet siden studietiden, sitter i fylkesstyret i Østfold og har mange års erfaring som lokallagsleder. Pensjonert førsteamanuensis i biologi ved Høgskolen i Østfold, og har vært fagansvarlig for biologi, friluftsliv og naturlære.

Sigrid Ryeng Alnes (32) kommer fra Kirkenes, Finnmark. Har lang organisasjonserfaring fra blant annet UngOrg - paraplyorganisasjonen for barne- og ungdomsorganisasjoner i Oslo, har vært medlem i Naturvernforbundets kontrollkomité i perioden 2011-2018 og har vært aktiv og ansatt i Natur og Ungdom, blant annet som daglig leder. Bor i Oslo.

### **Forslag til revisor**

Som revisor velges: Deloitte (gjenvalg)